

FISKERIDIREKTORATETS  
HAVFORSKNINGSINSTITUTT

**INTERN TOKTRAPPORT**

FARTØY : "G.O. Sars" og "Michael Sars"  
AVGANG : Hammerfest, 6. sept. 1985  
ANLØP : Murmansk 8.-10. okt. ("G.O. Sars")  
ANKOMST : Kirkenes, 11. okt. ("G.O. Sars") og  
            Tromsø 7. okt. ("Michael Sars")  
OMRÅDE : Barentshavet.  
FORMÅL : Måle mengde og samansetning av loddebestanden  
            i samarbeid med USSR. Hydrografi.

PERSONELL: På "G.O. Sars":

V. Anthonypillai, S. Ehrich (Inst. für Seefischerei  
Hamburg), O.J. Gullaksen, J. Hamre, K. Hansen, L. Midttun,  
A. Roald, P.M. Tjora, A.K. Solheim, R. Toresen,  
S.Tjelmeland (7/10-11/10), E. Øvretvedt.

På "Michael Sars":

O. Eklund, E. Folkestad, H. Gjøsæter, S. Lygren, J.E.  
Nygaard, J. Røttingen, G. Vestnes.

**1. INNLEIING**

Toktet vart gjennomført i samarbeid med dei russiske fartøya "Kokshaysk" og "Vilnyus" med h.h.v. N.G. Ushakov og A.I. Krysov som toktleiarar. Begge dei russiske fartøya deltok i perioden 6/9 til 6/10. Det var dagleg radiokontakt mellom fartøya for koordinering av surveyet og utveksling av data. Før toktet vart det avvikla eit møte i Hammerfest mellom toktleiarane på dei to norske fartøya og på "Kokshaysk" der ein rammeplan for toktet vart lagt. Alt materialet vart puncha og vidarehandsama ombord på "G.O. Sars". Toktet var noko utvida i høve til tidlegare år med tanke på å dekke utbreiingsområdet for ungsild i den sørlege delen av havet. Toktet vart avslutta med eit tre dagars forskarmøte i Murmansk, kor materialet vart gjennomgått og resultata vurderte.

## **2. MATERIALE OG METODAR**

Kurslinjer og stasjonar er viste på Fig. 1-5. Hovudutbreiingsområdet for lodde, d.v.s. området nord for  $74^{\circ}$  N vart undersøkt med nord-sør kursar på kvar heile lengdegrad. "G.O. Sars" og "Kokshaysk" starta ved ca.  $40^{\circ}$  E og arbeidde seg vestover ved å ta annankvar lengdegrad kvar. "Michael Sars" og "Vilnius" arbeidde seg austover fra denne posisjonen på tilsvarende måte. Utstrekninga av kursane i nord-sør retninga vart justert etter grensene for loddeutbreiinga. Den siste veka av toktet vart sildeutbreiinga i området sør for  $74^{\circ}$  N dekka.

Alle fartøya hadde digitale ekkointegratorar, og det vart rekna ut middel integratorverdi pr. nautiske mil (nmi) for kvar 5. nmi. Ekkogramma med tilhøyrande integratorverdiar vart saumfarne dagleg, og falske ekko, botnbidrag og støy vart tekne bort. Dei justerte verdiane vart så fordelt på fiskeartar etter sammensetjinga av trålfangstane og karakteren av registreringane på ekkogrammet. Når registreringane endra seg vart det trålt, både for å identifisere fiskeart og for å få observasjonar av lengde, vekt, modningsgrad, mageinhald og alder på fisken.

For å framskaffe omrekningsfaktorar for integratorverdiane mellom fartøya vart det gjennomført to interkalibreringar. Resultatet vart at tilhøvet mellom alle fartøya var 1:1, noko som var venta, sidan alle fartøya oppgav absoluttverdi av integratorverdiane. Desse verdiane var i år multiplisert med 4π i staden for 10, som tidlegare har vore brukta for å gi høveleg store absoluttverdiar. Verdiane er gitt som spreiettersnitt pr. arealeining ( $m^2/nmi^2$ ).

Antal individ og biomasse i lengde- og aldersgrupper vart utrekna ombord i "G.O. Sars" på same måten som i tidlegare år.

## **3. RESULTAT OG DISKUSJON**

### **3.1 Dekning**

Den utvida tokttida i år samanlikna med tidlegare år gav høve til å føreta ei betre dekning av området. Avstanden mellom kurslinene er omrent den same som før, men nokre område vart dekka to gonger. Den austlege, og særleg den sørlege delen av havet, der silda var venta å opphalde seg, vart betre dekka i år enn i tidlegare år. Værtihøva var gode under den første delen av toktet. Noko därlegare vær den siste veka gjorde tilhøva noko vanskelege for akustisk mengdemåling, men i dei fleste høve vart slike område dekka på nytt under betre tilhøve. Det er difor lite truleg at vesentlege mengder lodde skulle kunna ha ungått å vorte oppdagda innan det undersøkte området.

Området på vestsida av Svalbard vart dekka av "Eldjarn" i august under O-gruppetoktet. Mengdeestimatet av lodde basert på dette surveyet var omrent 50 000 tonn, for det meste 2-åringar.

Når det gjeld dekninga av sild, så er denne ikkje så god som for lodde, og mengdeestimatet av O-gruppa kan difor vere eit underestimat.

### 3.2 Hydrografi

Samanlikna med 1984 har overflatetemperaturen avteke med 0.4-0.8°C. Berre i dei sentrale områda var overflatetemperaturen nær det nivået som har vore vanleg dei siste åra (Fig. 17). Ein noko høgare temperatur vart observert i dei djupare laga (Fig. 18-20). I området nord for Bjørnøya var temperaturen lågare enn i 1984 i heile 0-200 m laget.

### 3.3 Lodde

#### 3.3.1 Bestandsstorleik og aldersfordeling

Eit estimat basert på integratorverdiar og biologiske prøver frå alle fire fartøya er vist i tabellen nedanfor.

| Årsklasse   | Antal x 10 <sup>-9</sup> | Middelvekt (g) | Biomasse (tonn x 10 <sup>-3</sup> ) |
|-------------|--------------------------|----------------|-------------------------------------|
| 1984 (1983) | 35.12 (145.0)            | 4.3 (3.7)      | 150.0 (540.0)                       |
| 1983 (1982) | 47.25 (183.0)            | 8.7 (7.4)      | 389.4 (1370.0)                      |
| 1982 (1981) | 20.68 (47.0)             | 13.0 (18.2)    | 268.1 (890.0)                       |
| 1981 (1980) | 0.92 (3.0)               | 15.6 (27.1)    | 14.4 (90.0)                         |
| Total       |                          |                |                                     |
| 1985 (1984) | 103.97 (370.0)           |                | 821.9 (2870.0)                      |

Estimatet for 1984 er vist i parantesar for samanlikning. Eit meir detaljert estimat for 1985 er vist i Tabell 1.

Antalsanslaget for 1984-årsklassen er mindre enn ein fjerdedel av tilsvarande i fjar. Sjølv om middelvekta er over eit halvt gram høgare for eittåringane i år, er biomasseanslaget berre omlag 30% av det vi hadde i fjar.

Antalet 2-åringar (1983-årsklassen) er og omlag 4 gonger så lågt som 2-gruppeestimatet i fjar. Middelvekta er vel eit gram høgare i år, og biomasseanslaget er difor omlag 40% av tilsvarande i fjar.

Antalet 3-åringar (1982-årsklassen) er omlag halvparten av tilsvarande anslag i fjar. Her er middelvekta berre 13 g mot 18 g i fjar. Vekta av 3-åringane er difor berre 30% av vekta anslått i fjar.

1981-årsklassen er omtrent ute av bestanden. Middelvekta er berre vel halvparten av tilsvarande i fjar, og biomasseestimatet er seks gonger lågare enn i fjar.

Den totale biomassen i 1985 er mindre enn 30% av den målt i fjar, og mindre enn 20% av den målt i 1983.

### 3.3.2 Geografisk fordeling

Den geografiske utbreiinga av bestanden er vist på Fig. 7, og utbreiinga av dei ulike årsklassane på Fig. 8-11. I tillegg er utbreiingskartet frå 1984 vist for samanlikning (Fig. 6). Nokre biologiske parametrar i dei fire underområda brukta i bestandsutrekninga og lengdefordelinga for dei ulike aldersgruppene er vist på Fig. 12 og 13.

Utbreiingsområdet har endra seg noko samanlikna med hausten 1984. Den klåraste endringa er at det i år omtrent ikkje er lodde i Storfjordrenna. Tettleiken har avteke over heile utbreiingsområdet, men sterkest vest av 40-graden. Den nordlege grensa for loddeutbreiinga var omtrent som i fjar, men ho strekkjer seg ikkje så langt i nordaustleg retning som ho gjorde i fjar. Ein loddekoncentrasjon vart i år funne ved Novaya Semlya, mellom  $73^{\circ}$  og  $75^{\circ}$  N. Dette området var ikkje godt dekka i fjar. Den sørlege grensa for utbreiinga vart som vanleg funnen omlag ved  $74^{\circ}$  N. Frå utbreiingskarta for dei ulike aldersgruppene går det fram at alle har ei meir austleg fordeling i år enn i dei førre åra.

### 3.3.3 Vekst

Nedgongen i biomasse kan delvis forklaraast ved lågare vekst av dei ulike aldersgruppene enn det som har vore vanleg dei siste åra. (Tabell 2). Ser vi på middel lengde og vekt i dei ulike områda (Fig. 12), så har ikkje desse endra seg noko særleg frå 1984. Nedgongen er difor mest eit resultat av skiftet i utbreiingsområde, frå områda med god vekst i vest til områda med lågare vekst i aust. Klårast kjem dette kanskje til uttrykk for tre-åringane. Desse hadde ei middelvekt på 17.6 g i område IV, omtrent som i fjar. Middelvekta totalt for denne aldersgruppa er likevel berre 13.0 g, fordi mesteparten av denne årsklassen vart funnen i dei austlege og nordlige områda, der middelvekta for tre-åringane alltid har vore låg, omlag 10-12 g.

## 3.4 Sild

### 3.4.1 Utbreiing

Silda vart funnen sør for  $73^{\circ}$  N (Fig. 14). Hovudutbreiinga av II-gruppe sild var i området avgrensa av  $71^{\circ}30'$  og  $73^{\circ}00'$  N og  $28^{\circ}$  og  $34^{\circ}$  E. I tillegg vart det funne ein koncentrasjon mellom  $72^{\circ}00'$  og  $73^{\circ}00'$  N og  $36^{\circ}00'$  og  $40^{\circ}00'$  E, og ein mindre omtrent på  $71^{\circ}00'$  N og  $43^{\circ}00'$  E. Ekkoregistreringane av II-gruppe sild viste tette stimar høgt i sjøen, særleg om dagen, og mindre stimar på 100-150 m djup. Om natta løyste stimane seg opp, og dei minste blanda seg ofte med ung torsk og hyse. I nokre område var II-gruppe-silda blanda med 0-gruppe-sild. Hovudutbreiinga av denne aldersgruppa (1985-årsklassen) vart funnen i same område som II-guppa. Om dagen danna denne gruppa ofte små stimar i 100-200 m djup. Om natta kom stimane opp i dei øvre 50 m og spreidde seg utover og blanda seg med II-gruppe-sild.

### 3.4.2 Mengdeestimat

Basert på integratorverdiane frå alle fire fartøya vart mengda av sild aust for 28°N rekna ut. Resultata er vist nedanfor.

| Alder | Antal x 10 <sup>-9</sup> | Middel vekt (g) | Biomasse (tonn x 10 <sup>-3</sup> ) |
|-------|--------------------------|-----------------|-------------------------------------|
| 0     | 41.46                    | 8.2             | 338.1                               |
| I     | 1.45 (0.12)              | 10.0 (6.9)      | 14.5 (8.2)                          |
| II    | 23.32 (29.7)             | 64.1 (19.5)     | 1495.2 (578.4)                      |

Tilsvarande estimat av aldersgruppene I og II basert på eit akkustisk survey i mai-juni 1985 er vist i parantesar.

Anslaget for I- og II-gruppene er basert på data frå alle fartøya, men 0-gruppe estimatet bygger på data frå dei to norske. Det er nytta samme c-verdi som for lodde ( $1.865 \times L^{-1}$ ). Sjølv om dekninga er ufullstendig og stimdanninga skulle tilsei mindre gode tilhøve for akkustisk mengdemåling, er resultata i godt samsvar med dei oppnådd i mai-juni i år.

Ved å samanlikne med 0-gruppeutbreiinga i august (Fig. 16), er det truleg berre ein del av den totale 0-gruppeutbreiinga som er dekkja i september. Resultata tyder difor på at 1985-årsklassen er sterkt, og kan vise seg å vere like sterkt som 1983-årsklassen. 1985-årsklassen vil likevel truleg vere meir utsett for predasjon enn det 1983-årsklassen var på 0- og I-gruppe stadiet, og det er difor uvisst om 1985-årsklassen i noko fall vil bidra så sterkt til den vaksne bestanden som det 1983-årsklassen vil gjere.

J. Hamre

(sign.)

H. Gjøsæter

(sign.)

Tabell 1. Akustisk mengdeestimat loddet hausten 1985.

| Total<br>lengde (cm)              | ALDERSGRUPPER |       |       |       |   | Totalt<br>antal<br>$\times 10^{-7}$ | Biomasse<br>tonn<br>$\times 10^{-3}$ | Biomasse<br>(kumulativt) |
|-----------------------------------|---------------|-------|-------|-------|---|-------------------------------------|--------------------------------------|--------------------------|
|                                   | 1             | 2     | 3     | 4     | 5 |                                     |                                      |                          |
| 7.0- 7.4                          |               | 4     |       |       |   | 4                                   | 0.0                                  |                          |
| 7.5- 7.9                          |               | 3     |       |       |   | 3                                   | 0.0                                  |                          |
| 8.0- 8.4                          |               | 33    |       |       |   | 33                                  | 0.6                                  |                          |
| 8.5- 8.9                          |               | 123   |       |       |   | 123                                 | 2.9                                  |                          |
| 9.0- 9.4                          |               | 382   | 1     |       |   | 383                                 | 10.3                                 |                          |
| 9.5- 9.9                          |               | 647   | 52    |       |   | 699                                 | 24.6                                 |                          |
| 10.0-10.4                         |               | 848   | 166   | 6     |   | 1020                                | 41.7                                 |                          |
| 10.5-10.9                         |               | 875   | 362   | 5     |   | 1242                                | 59.2                                 |                          |
| 11.0-11.4                         |               | 395   | 624   | 25    |   | 1044                                | 57.8                                 |                          |
| 11.5-11.9                         |               | 104   | 654   | 57    |   | 815                                 | 53.3                                 |                          |
| 12.0-12.4                         |               | 153   | 890   | 115   |   | 1058                                | 80.3                                 |                          |
| 12.5-12.9                         |               | 26    | 651   | 183   |   | 860                                 | 74.6                                 |                          |
| 13.0-13.4                         |               | 18    | 508   | 237   | 1 | 764                                 | 76.3                                 |                          |
| 13.5-13.9                         | 1             | 287   | 283   | 3     |   | 574                                 | 65.3                                 |                          |
| 14.0-14.4                         |               | 244   | 372   | 16    |   | 632                                 | 81.2                                 | 274.7                    |
| 14.5-14.9                         |               | 129   | 253   | 15    |   | 397                                 | 57.7                                 | 193.5                    |
| 15.0-15.4                         |               | 79    | 246   | 22    |   | 347                                 | 56.0                                 | 135.8                    |
| 15.5-15.9                         |               | 23    | 129   | 20    |   | 172                                 | 30.6                                 | 79.8                     |
| 16.0-16.4                         |               | 32    | 77    | 6     |   | 115                                 | 22.7                                 | 49.2                     |
| 16.5-16.9                         |               | 10    | 45    | 8     |   | 63                                  | 14.2                                 | 26.5                     |
| 17.0-17.4                         |               | 13    | 23    | 1     |   | 37                                  | 8.8                                  | 12.3                     |
| 17.5-17.9                         |               |       | 8     |       |   | 8                                   | 2.2                                  | 3.5                      |
| 18.0-18.4                         |               |       | 4     |       |   | 4                                   | 1.3                                  | 1.3                      |
| Antal $\times 10^{-7}$            | 3512          | 4725  | 2068  | 92    |   | 10397                               |                                      |                          |
| Biomasse (tonn $\times 10^{-3}$ ) | 150.0         | 389.4 | 268.1 | 14.4  |   | 821.8                               |                                      |                          |
| Middellengde (cm)                 | 10.32         | 12.39 | 14.15 | 15.25 |   | 12.07                               |                                      |                          |
| Middelvolum (g)                   | 4.3           | 8.2   | 13.0  | 15.6  |   | 7.9                                 |                                      |                          |

Tabell 2. Akkustisk bestandsestimat av lodddebestanden (million tonn) på aldersgruppe høsten 1973-84. Middelvekt (gram) av kvar aldersgruppe er gitt i parantesar.

| ÅR   | ALDER        |               |                |                  | SUM<br>"2 år og eldre" |
|------|--------------|---------------|----------------|------------------|------------------------|
|      | 2            | 3             | 4              | 5                |                        |
| 1973 | 2.3<br>(5.6) | 0.8<br>(18.6) | 0.4<br>(23.3)  | 0.006<br>-       | 3.5                    |
| 1974 | 3.1<br>(5.6) | 1.6<br>(9.1)  | 0.07<br>(21.2) | 0.002<br>-       | 4.8                    |
| 1975 | 2.5<br>(6.8) | 3.3<br>(10.4) | 1.5<br>(16.0)  | 0.01<br>(19.0)   | 7.3                    |
| 1976 | 2.0<br>(8.2) | 2.1<br>(12.4) | 1.4<br>(16.4)  | 0.3<br>(18.2)    | 5.8                    |
| 1977 | 1.5<br>(8.1) | 1.7<br>(16.8) | 0.9<br>(20.9)  | 0.2<br>(23.0)    | 4.2                    |
| 1978 | 2.5<br>(6.7) | 1.7<br>(16.5) | 0.3<br>(20.7)  | 0.02<br>(23.1)   | 4.5                    |
| 1979 | 2.5<br>(7.4) | 1.5<br>(13.5) | 0.1<br>(21.1)  | 0.0005<br>(28.7) | 4.1                    |
| 1980 | 1.9<br>(9.4) | 2.8<br>(18.2) | 0.8<br>(24.7)  | 0.0006<br>-      | 5.5                    |
| 1981 | 1.8<br>(9.4) | 0.8<br>(17.0) | 0.3<br>(23.3)  | 0.008<br>(28.7)  | 3.0                    |
| 1982 | 2.8<br>(9.0) | 1.3<br>(20.9) | 0.05<br>(24.9) |                  | 4.2                    |
| 1983 | 1.9<br>(9.5) | 0.7<br>(18.9) | 0.01<br>(19.4) |                  | 2.6                    |
| 1984 | 1.4<br>(7.4) | 0.9<br>(18.2) | 0.1<br>(27.1)  |                  | 2.4                    |
| 1985 | 0.4<br>(8.2) | 0.3<br>(13.0) | 0.01<br>(15.6) |                  | 0.7                    |

INTERN TOKTRAPPOR  
Haustloddetokt 1985 - G.O. Sars og Michael Sars




Fig. 1. Kursliner og stasjonar for "G.O. Sars". 1) Hydrografisk stasjon med CTD-sonde, 2) Pelagisk trål, 3) Bunntrål




Fig. 2. Kursliner og stasjonar for "Michael Sars". Teiknforklaring som for Fig. 1

INTERN TOKTRAPPORT  
Haustloddetokt 1985 - G.O. Sars og Michael Sars

9




Fig. 3. Kursliner og stasjonar for "Kokshaysk". Teiknforklaring som for Fig. 1




Fig. 4. Kursliner og stasjonar for "Vilnyus". Teiknforklaring som for Fig. 1

INTERN TOKTRAPPORT  
Haustloddetokt 1985 - G.O. Sars og Michael Sars




Fig. 5. Kursliner for alle fire fartøya.




Fig. 6. Geografisk utbreiing av loddebestanden i 1984 ( $\text{m}^2 \text{ spreie-tverrsnitt pr. nmi}^2$ )




Fig. 7. Estimert tettleiksfordeling av lodde 1985 (tonn/nmi<sup>2</sup>)




Fig. 8. Estimert tettleiksfordeling av 1 år gammal lodde 1985 (tonn/nmi<sup>2</sup>)




Fig. 9. Estimert tettleiksfordeling av 2 år gammal lodde 1985  
(tonn/nmi<sup>2</sup>)




Fig. 10. Estimert tettleiksfordeling av 3 år gammal lodde 1985  
(tonn/nmi<sup>2</sup>)




Fig. 11. Estimert tettleiksfordeling av 4 år gammal lodde 1985 (tonn/nmi<sup>2</sup>)




Fig. 12. Biologiske parametrar i dei fire underområda brukt ved utrekninga av mengdeestimatet. a=alder, p=prosent, l=middellengd (cm), v= middelvolum (ml)

INTERN TOKTRAPPORT  
Haustloddetokt 1985 - G.O. Sars og Michael Sars




Fig. 13. Lengdefordeling av 1, 2, 3, og 4 år gammal lodde og totalbestanden.




Fig. 14. Tettleiksfordeling av 2 år gammal sild sept. 1985 (tonn/nmi<sup>2</sup>)

## INTERN TOKTRAPPORT

Haustloddetokt 1985 - G.O. Sars og Michael Sars



Fig. 15. Tettleiksfordeling av 0-gruppe sild sept. 1985 (tonn/nmi<sup>2</sup>)

Fig. 16. Utbreiing av 0-gruppe sild august 1985. (0-gruppe-toktet)




Fig. 17. Temperaturfordeling ( $t^{\circ}\text{C}$ ) i overflata.




Fig. 18. Temperaturfordeling ( $t^{\circ}\text{C}$ ) i 50 m djup.




Fig. 19. Temperaturfordeling ( $t^{\circ}\text{C}$ ) i 100 m djup.




Fig. 20. Temperaturfordeling ( $t^{\circ}\text{C}$ ) i 200 m djup.